

Gro Kolstad
Selfallet 70B
5936 Manger

13.05.2014

Radøy kommune
v ordfører
Jon Askeland

VEDR. TRAFIKKPLAN 2014.

TOSKAVEGEN/REKREASJONSOMRÅDE:

Det er ei tidvis forunderleg erfaring, å ferdast i eit idyllisk område som "Toskavegen", - med livet som innsats.

Tidvis går det også over min forstand, at ingen så langt har prøvd å bidra til å gjera ferdselen meir menneskevennleg.

-Fin badeplass, fleire fiskeplassar, rasteplass, og eit eventyrleg område for turgåing, og sykling – for dei mest modige!

Tydelegvis er alt lagt opp til iherdig bruk av privatbil. Folk køyrer bil, gjerne hensynslaut og altfor fort, sjølv om ungar står og fiskar, eller andre ferdast til fots, med eller uten hund i tillegg.

Den generelle diskusjonen om menneske og miljø får eit komikkens skjær, i Manger sitt definerte rekreasjonsområde. 50-grensa er oppheva inn til området, privatbilismen dominerer, sjokkerande ofte totalt uten hensyn til mjuke trafikantar.

KONKRÈT FORSLAG TIL FORBETRING:

Mange stader er det mellom 1-1.5 meter mellom asfaltlaget og kampesteinane ut mot sjøen, med helling på ca 10-20 cm. Dersom det hadde blitt lagt grus/sand i dette området, ville det enkelt og rimeleg blitt ei langt tryggare ferdselsbane for gåande og syklistar.

Vyrdsam helsing frå
Gro Kolstad.



Kopi til Frode Hervik. V.